

# Hareidsprisen til Hareid Rotary

Under Stemnefesten i Hareidhallen delte ordførar Bernt Brandal ut Kulturprisen i Hareid. I år gjekk den til ein organisasjon som har lang historie med frivillig arbeid i kommunen.

Etter å ha forsikra om at han verken skulle synge eller lese dikt, kunne ordførar Bernt Brandal ta fatt på oppgåva med å dele ut Hareidsprisen 2022.

Han delte ut prisen saman med Ellen Kvalsund frå Sparebanken Møre, som samarbeider med Hareid kommune om Kulturprisen i Hareid.



Ordførar Bernt Brandal og Ellen Kvalsund frå Sparebanken Møre delte ut Hareidsprisen 2022. **FOTO:** ANDREAS BJERKNES

– Frivillig arbeid er avgjerande for eit aktivt og levande lokalsamfunn. Utan dette arbeidet hadde ikkje kommunen eller nasjonen vore i stand til å ta vare på innbyggjarane sine. Alle frivillige rundt om i landet utgjer ein naudsynt ressurs og er eitt av landets viktigaste arbeidslag,

slo ordføreren fast. Han la til at Hareidsprisen 2022 gjekk til ein god representant for det frivillige arbeidet i Hareid kommune.

– Gjennom mange viktige prosjekt, har vinnaren kome Hareidssamfunnet til gode i over 50 år. Dei dekkjer absolutt det utvida kulturomgrepet i Hareid kommune. Dei er ein del av ein verdsomspennande organisasjon, som vart stifta i 1905. Den er upolitisk, religiøst nøytral og humanitær. Dei har som mål å gagne andre. Det har vore mange gode prosjekt. Prosjekt som formidlar historie, skaper trivsel og er viktige for folkehelsa vår.



Hareid Rotaryklubb vart vinnarar av Kulturprisen i Hareid 2022. **FOTO:** ANDREAS BJERKNES

Brandal lista mellom anna opp ungdomsutveksling, bokinnsamling til sjukeheimen, vedhogst ved Holesand-hytta, badeflåte, dugnad på kyrkjegarden og piano til klubbhuset.

– I tillegg har særleg eitt storprosjekt vore viktig. Prosjektet inneheld tursti, restaurering, lys, gapahukar, aktivitetsområde og eit stort og langvarig dugnadsarbeid, sa Brandal før han avslørte den ikkje lenger veldig hemmelege vinnaren.

– Årets Hareidspris går til Hareid Rotaryklubb!

Det er Idar Flø som er noverande president i klubben, men han var ikkje til stades under Stemnefesten. Det var difor Anne Gry Eilertsen, klubben sin førre president, som tok imot Hareidsprisen på vegner av Hareid Rotary. Ho fekk også med seg på scena dei andre Rotarymedlemmene som var til stades i Hareidhallen.



Anne Gry Eilertsen (i midten) tok imot prisen for Hareid Rotaryklubb. **FOTO:** ANDREAS BJERKNES

– Tusen takk. Dette var stas! Rotary har som motto å gagne andre og det synest eg Hareid Rotary gjer. Ikkje minst gjennom Rotarystien. Det er eit evigheitsprosjekt for oss. Den skal stadig oppgraderast og haldast ved like, og det er eit prosjekt oss brukar mykje tid på. I tillegg har oss også hatt prosjekt i utlandet. I ein landsby i Peru har oss i år og i fjor vore med på å restaurere først kjøken og no bad og toalett, sa Eilertsen då ho takka for prisen.

Eilertsen var også snar med å legge til at klubben stadig er på jakt etter nye medlemmer.